



**DET KONGELIGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Regionrådet for Nordhordland
Postboks 13
5902 ISDALSTØ

Deres ref

Vår ref
15/19-

Dato
15.10.2015

Svar på fråsegn om framtida til Fedje sjøtrafikksentral

Eg viser til brev datert 2. oktober 2015, der Regionrådet for Nordhordland presenterer sine synspunkt på framtida for Fedje sjøtrafikksentral.

Eg vil byrje med å understreke at det overordna målet for regjeringa er å redusere risikoen for ulukker og sikre god tryggleik for skipsfarten som trafikkerer kysten vår. I den samanheng er sjøtrafikksentralane som Kystverket i dag opererer, viktige tiltak som aukar tryggleik og framkomme i farleier med relativt tett og komplisert trafikkmønster.

Som oppfølging av prop. 65 L (2013-2014) Lov om losordningen (losloven), har Samferdselsdepartementet bedt Kystverket om å utgreie ulike alternativ for organisering av sjøtrafikksentralane, medrekna om det kan vere aktuelt med samanslåing. Dette for å sjå om dagens organisering gir best tryggleik, eller om det finnes rom for forbedringar. I tillegg kjem ønske om større og meir robuste fagmiljø. Ei eventuell samanslåing skal ikkje føre til endring eller reduksjon i tenestekområda for sjøtrafikksentralane.

Kystverket leverte utgreiinga si 20. januar i år. For å sørge for eit tilstrekkeleg vedtaksgrunnlag for val av framtidig organisering, har departementet bedt Kystverket om å supplere utgreiinga med einskilde tilleggsutgreingar. Kystverket sendte desse utgreiingane til departementet 15. september 2015.

Konsekvensane for tryggleiken for skip og miljø vil, saman med dei administrative og økonomiske konsekvensane, vege tungt når departementet skal vurdere innspel frå Kystverket. Det er ikkje teke stilling til korleis saka skal handterast vidare, men ho vil leggjast fram for Stortinget på eigna måte når departementet har vurdert Kystverkets innspel. Eit alternativ vil kunne vere å leggje saka fram i stortingsmeldinga om sjøtryggleik og akutt vernebuving, som er førespegla framlagt i 2016.

Eg er kjend med at farvatnet utanfor Fedje er eit av Noregs mest trafikkerte, med eit komplekst trafikkbilete som saman med naturgitte forhold gir relativt høg risiko for ulukker. Eg kan forsikre dykk om at sjøtryggleiken ikkje skal svekkjast, verken i farvatnet utanfor Fedje eller andre stader langs kysten.

Med helsing



Ketil Solvik-Olsen

Kopi til:
Kystverket hovedkontoret